



Ruben og Sindre Aksnes i Rosendal i mai i fjor. Då forsterka broren Jitney.

Ruben Aksnes (20) opprinneleg frå Odda, men uskedeling i 7 år, har som medlem av det lovande bandet Jitney gått rett inn på topp 10-lista til NRK Urørt. Han har gjort det med låta Industry of violence.

Ari Thorsteinson og Kim Christer Hylland - dei andre i bandet - er også frå Odda men Ari er født på Island.

Ruben spelar bass medan Ari spelar gitar og syng og Kim Christer er trommis.

Produsent Kjetil Ulland i ABC Studio i Etne har stor tru på gutane og seier til Hardanger Folkeblad at dei har utvikla seg sidan fyrste gongen dei kom til han. Ulland har ein framstående posisjon i bransjen. Han seier at dei 3 har den rette driv og ambisjon og eit særigeit preg i uttrykket sitt gjennom Ari sin vokal.

Ulland meiner det er problematisk å plassera dei tre i sjanger ettersom dei er eksperimentelle og vandrar mellom pop og rock. Men dei har også progressive element. Dei har jobba fram sin eigen sound.

Trioen skal gje ut album på ABC i år og den er nesten klar men Jitney handlar taktisk og slepp ut ein låt om gongen. Låta som akkurat no ligg på niandeplass vil snart hamna på Youtube akkompagnert av ein video som delvis er spela inn på smelteverkstomta. Det gjeld å utnytta dei moderne marknadsføringskanalane.

Laurdag skal Jitney til Studentersamfunnet i Trondheim og naturleg nok spela den nye låta som ein dessutan kan høyra på hardanger-folkeblad.no
Ruben bur no i Trondheim og driv med musikk nærmast på heiltid, fortel mor Anne i Uskedalen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen